



5. november skal formannskapet behandla serverings- og skjenkeløyve for Smakifrå i Uskedalen, og rådmannen held i innstillinga si fram at Roy Vidar Lervåg er iderik og nyskapande. Han peikar på at han er utdanna kokk og har lang erfaring og kompetanse som kjøkkensjef. Han kjenner dessutan marknaden i Kvinnherad godt etter fleire år på Baroniet Rosendal og Rosendal Turisthotell. Han har ein genuin interesse for mat og gode smakar, held rådmannen fram.

Rådmannen held fram:

- Med catering og selskap i Uskedalen ynskjer Roy å fremje lokale produsentar med både kjende og mindre kjende produkt. Med verksemda i Uskedalen ynskjer han å fokusera på måltidet i si heilhet der maten, serveringa og oppbygginga av måltidet er i sentrum. Han vil søke etter å gje gjestene ei eksepsjonell oppleving som skal vere einerådande hjå Smakifrå - det som vert servert kan kun opplevast hjå Smakifrå Oska i Uskedalen.

Rådmannen går inn for at Lervåg skal få skjenkeløyve for restaurant med 120 sitjeplassar og uteområde med 35 sitjeplassar i tidlegare Systrene Nilsen. Reservestyrrar vil kome på plass til sommaren.

Skjenketida vert frå kl. 12 til kl. 01 under 22 % og frå kl.13 til kl. 01 over 22 %.

Lenismannen har ingen merknad, og det har heller ikkje SLT koordinator på vegne av rus- og psykiatritenesta.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen

Foto: Thor Inge Døssland